Årsmöte for Varhaug Misjonshus 30. jan. 1971
Formannen helsa velkomen med Guds ord og bön - Sekr. Grummedal fekk so ordet og talte ut frå Luk. 21-25. - ei varm påminning om å löfta våre augo og sjå fram til forlösningsdagen.
Formannen las årsmelding som vard godkjent. Rikeeins rekneskap som vart opplest av kassastyraren. I kassa kr. 8.805.60. samla inntekt kr. 28,468,-

og samla utlegg kr. 19.662.40

Prestelån pr. 30/1-71 var kr. 41.250.-

Valg: Lima vart samröysta attvald som kasserar. Dit same vart revisorane Johan Reiestad og Erik T. Skretting. Tollef Nord-Varhaug og Lars Årestad vart valde å skriva inndi møteboka.

Ymse: Stueland appelera mot röyking på ymse fester. Og meinte huset burde opnast for den gruppa som samlast i anna lokale. Dette fekk også stötte av Sigbjörn Varhaug. Formannen gav ei utgreiding om dette. Dit vart åresalg og trekning over frukt og kaker.

Den 8. mars 1971 var det nye styret for Misjonshuset samla. Styret er dette år:
Tollef Nord-Varhaug og Lars L. Nord-Varhaug
Håkon Håland og Tobias Varhaug.
Lars Årrestad og Guttorm Årrestad
N.B. Andreas Varhaug og Harald Skretting.
Form. Tobias Varhaug opna med andakt og styrde møte.

Sak I. Valg: Form. nekta attval. Det kom forslag om Lars Årrestad og Tollef Nord-Varhaug. Dei fekk 4 røyster kvar. Ved utdraging vart Tollef Nord-Varhaug vald.
Til varaform. vart Håkon Håland vald ved utdraging mot Andr. Varhaug.
Til skrivar vart Harald Skretting attvald.

Ymse. Det vart samtala noko om nødutgangslys og brannsløkkingutstyr.
Betre talarstol-belysning og eina ny mindre synleg mikrofon.

N.B. Tollef Nord-Varhaug og Lars Årrestad møtte ikkje. I deira stad møtte Rasm. J. Odland og Eirik T. Skretting. – Håkon Håland dekka opp med kaffi og bløtkake.

H. Skretting. H. Håland
T. Varhaug
A. Varhaug. E. T. Skretting. R. J. Odland
Lars Nord Varhaug Guttorm Årrestad